

---

Saksnr:	2021/18631-1
Saksbehandlar	Eli Marita Vik
Dato:	Næss/Rannveig Dahlsrud 04.05.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet

---

**Frå:** Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

---

## Plaststrategi - status avdeling for infrastruktur og veg

[Plaststrategien](#) er utarbeidd etter oppdrag frå Fylkestinget i Hordaland juni 2018. Arbeidet vart organisert som eit prosjekt, og det er avdeling for innovasjon og næring som har hatt ansvar for å utarbeide strategien.

Strategien er i hovudsak for organisasjonen Vestland fylkeskommune. Han vart vedteken i fylkestinget 09.06.2020 med visjonen «Vestland skal ha null tilførsel av plast til naturen, ein plastfri natur og eit plastfritt hav». Målsetjinga er at fylkeskommunen skal hindre at plastavfall kjem på avvege, og redusera bruken av plast i eigen organisasjon. I tillegg til seks hovudmål og 11 delmål som til dels er detaljerte, har strategien ei rekke tiltak med både internt og eksternt fokus<sup>1</sup>.

Avdelingane i fylkeskommunen vil ha ulik tilnærming til bruk av plast, og operasjonaliseringa av strategien ligg difor primært der. Kvar avdeling må vurdere korleis strategien best vert implementert i eigne arbeidsoppgåver og budsjett. Dette gjeld også å vurdere behovet for samordning på tvers og kanskje spesielt når det gjeld innkjøp. Mange avdelingar opplever at dei allereie følgjer opp fleire av punkta som står i strategien under «Tiltak og handlingsplan». Overskriftene i handlingsplanen går nokre gonger på tvers av sektorar, andre viser til avdelingar eller til seksjonar i fylkeskommunen. Avdeling for Strategisk utvikling og digitalisering - seksjon plan, klima og folkehelse har ansvar for å sikre at strategien blir følgt opp.

Handsaminga i hovudutvala skal inngå i ei sak om oppfølging av plaststrategien til Fylkesutvalet i juni 2021. Det er sett av kr 1 mill. i budsjettet til oppfølging av plaststrategien. Disponeringa av desse midla skal vedtakast av Fylkesutvalet. Det er foreslått å kartlegge kvar det er mykje bruk av plast og kvar plastavfallet oppstår i Vestland fylkeskommune si verksemd. Deretter vil ein foreslå kva indikatorar som kan nyttast for å rapportere måloppnåing, og målrette innsatsen for å minimere bruk og redusere plast på avvege ytterlegare.

Tabellen under viser dei tiltaka som avdeling for infrastruktur og veg (INV) vil arbeide med framover:

---

	Tiltak nummer	Tiltaksskildring	Avdelingar som skal omtale tiltaket	Status	*prioritere *setje på vent *ikkje jobbe vidare
Tiltak for heile organisasjonen	2	Utarbeida handlingsplan for ulike arbeidsområde og ansvarsområde i fylkeskommunen.	Alle avdelingar SUD-PKF	INV vil følge opp tiltak kontinuerleg	Setje på vent til aktuelt
	3	Etablere <b>kampanjar</b> som sett fokus på <b>marin forsøpling</b> til dømes i eigne kommunikasjonskanalar, som vidaregåande skuler, ferjer etc.	Alle avdelingar SUD-PKF	INV imøteser samarbeid med andre avdelingar om dette der dette kan vere aktuelt	Setje på vent til aktuelt
	4	<b>Unngå plastavtrykk og plast på avvege</b> i miljø.	Alle avdelingar	Sjå punkt 19	Prioritere
	5	Bidra til arbeid med <b>marin forsøpling</b> og ha tett <b>samarbeid</b> mellom fylkeskommunar, kommunar, fylkesmenn, Senter for oljevern og marint miljø (SOMM) og andre aktørar.	Alle avdelingar KII	INV følger på kva andre byggherrar, som SVV og Nye Veier, gjer av tiltak og forsøk for å redusere plastbruk og auke gjenvinning. INV imøteser samarbeid med andre avdelingar og aktørar angående dette der dette kan vere aktuelt.	Setje på vent til aktuelt
	6	Søkje <b>samarbeid</b> med <b>kompetanse- og fagmiljø</b> , og bidra til regional og nasjonal samhandling, initiere ulike tverrfaglege prosjekt.	Alle avdelingar	INV imøteser samarbeid med andre avdelingar angående dette der dette kan vere aktuelt	Setje på vent til aktuelt
	7	<b>Involvere organisasjonar, næringsliv og forskning</b> i arbeidet med på å løysa utfordringane med plast.	Alle avdelingar	INV vil i ein tidleg fase, når konkurransestrategi skal utarbeidast, for kvart enkelt utbyggingsprosjekt og ved utlysing av nye drift- og vedlikehaldskontraktar ha fokus på dette.	Prioritere

	Tiltak nummer	Tiltaksskildring	Avdelingar som skal omtale tiltaket	Status	*prioritere *setje på vent *ikkje jobbe vidare
	8	Tiltak knytt til ulike oppgåver uavhengig av ansvarsområda i organisasjonen	Alle avdelingar	INV vil følge opp generelle tiltak som vil gjelde for heile fylkeskommunen	Setje på vent til aktuelt
Tiltak for regional plan	16	Betre <b>mottakskontroll av massar</b> for å redusere gjenvinning av forureina massar med plast.	INV MOK-BU	I INV sine prosjekt vil massar som kan innehalde plast til dømes vera sprengsteinsmassar frå sprenging i dagen og i tunnel og oppsamla strøsand.  For sprengstein som vert deponert i vatn blir det sett krav til bruk av elektroniske tennarar og oppsamling av evt plast som kjem i vatn.  INV har i kontraktar føringar på at oppsamla feiemassar vert levert som spesialavfall, og plast som følgjer med massane vil derfor verte handtert av avfallsselskap. INV følgjer med på FOU-prosjekt i regi av SVV der ein ser på reinsing av strøsand, for å unngå at plast kjem på avvege. INV vil ta stilling til om dette er noko ein skal sjå nærare på dersom prosjektet er vellukka.	Prioritere
	17	Sjå plast i regional samanheng med regional transportstrategi.	INV MOK?	Plast er teken inn som eit punkt i RTP.	Prioritere
	18	Oppmode om 100% gjenvinning av massar, framfor nye uttak for å unngå plastforureining ved spreing av elektrisk sprengingsladning dekkja av plast.	INV MOK-BU	INV har starta prosjektet "Steinhandtering i tunnelprosjektering med SteinLCA" der ulike alternativ for massehandtering og gjenbruk i andre samferdsleprosjekt skal utgreiast. Det er sendt inn søknad om Klimasatsmidlar for å teste og bruke det nyutvikla verktøyet SteinLCA. Prosjektet er planlagt i perioden 01.10.21-01.04.23.	Prioritere

	Tiltak nummer	Tiltaksskildring	Avdelingar som skal omtale tiltaket	Status	*prioritere *setje på vent *ikkje jobbe vidare
	19	Sikre anlegg, kvalitetssikre <b>vedlikehaldsrutinar</b> knytt til tidsintervall for byting/ending av dekke, moking, og generell sikring av området etc.	INV	I driftskontrakter for INV skal entreprenør (ENT) fjerne avfall, inkludert plast, langs fylkesvegane to ganger i året.  I nye driftskontraktar er det sett krav til hyppigare feiing av fylkesvegar i og nær større sentrum.  INV følgjer med på prosjekt for reinsing av strøsand; sjå punkt 16.	Prioritere
	20	<b>Avfallsplanar</b> for fylkeskommunale eigedomar.	INV ORO-EIG	Det er sett krav til utarbeiding av avfallsplanar i alle utbyggingsprosjekt. Standardkrav til sorteringsgrad for ENT sitt eige produksjonsavfall skal være minimum 80%.	Prioritere
	21	Stille krav til leverandørar om å <b>avgrense bruk av plast</b> i fylkeskommunale oppdrag.	INV	INV har standardkrav knytt til mellom anna sorteringsgrad av avfall.	Prioritere
Tiltak for Samferdsel og kystressursforvaltning	34	Ta imot <b>eigarlaust marint avfall</b> på de fylkeskommunale hamnene		INV vil ta en gjennomgang av krav i eksisterande driftskontraktar og evt implementere nye krav og rutinar inn i nye kontraktar når desse skal oppdaterast.  For kaianlegg som har kommunal eller privat eigar har ikkje INV høve til å følge opp ei slik ordning. Dette må vere opp til eigar av kaianlegget.	Prioritere
	35	Implementere <b>plaststrategi i avfallsplan</b> for mottak og handtering av eigarlaus marint avfall i alle hamnar, fiskerihamner spesielt		INV vil ta en gjennomgang av krav i eksisterande driftskontraktar og evt implementere nye krav og rutinar inn i nye kontraktar når desse skal oppdaterast.  For kaianlegg som har kommunal eller privat eigar har ikkje INV høve til å følge opp ei slik ordning. Dette må vere opp til eigar av kaianlegget.	Prioritere

Tiltak nummer	Tiltaksskildring	Avdelingar som skal omtale tiltaket	Status	*prioritere *setje på vent *ikkje jobbe vidare
36	Velje naturprodukt ved innkjøp av <b>brøytestikker</b> .	INV	Per i dag er det ikkje eit fullgodt alternativ til brøytestikker i plast, men vi vurderer å krevje bruk av miljøvenleg materiale i nye kontraktar. SVV forskar på eit meir miljøvenleg alternativ der brøytestikkene er laga i norsk furu og dansk pil. <b>INV vil følgje med på dette forskingsprosjektet og vurdere å sette det som eit krav i nye kontraktar om dette er eit godt nok alternativ.</b> Vurderer evt pilotprosjekt for utprøving.	Prioritere
37	Unngå plastavtrykk og plast på avvege i miljø.	INV	Sjå punkt 19	Prioritere
38	Ved eksempelvis: snømoking og handtering av snø som er måka, vegvasking, kummar, brøytestikker, generelt vedlikehald.	INV	Sjå punkt 19	Prioritere